



Gunn Mari Moberg frå Uskedalen er partileiar i Høgre

**I likheit med andre parti prioriterar Høgre forlenging av sykkel- og gangbana mot Herøysund i komande periode. Den same prioritering gjeld for Herøysund, Sandvoll og Sunde.**

**Partileiar Gunn Mari Moberg frå Uskedalen seier og ved framleggjinga av programmet til partiet at det var Høgre som berga dei nedleggjingsstruga skulane.**

Om eigedomsskatten seier ho at det var mykje takk vera Høgres arbeid imot denne at fleirtalskoalisjonen fatta vedtak om å fjerna denne frå neste år.

- Det er bra og vi vil slett ikkje ha han att seinare, seier Moberg. Med Høgre ved roret blir det heilt uaktuelt å leggja ned skular også

i dei åra som kjem utan at foreldra vil det. Ved å berga skulene held ein liv i bygdene.

Ordførarkandidat Leif Sverre Enes seier i samband med det varsla kjempeunderskotet at kommunen driv med rein gambling. Med slike svingningar er det umogeleg å driva kommunen og ein må sjå på plasseringen av pengane for å unngå slikt i framtida. Partiet varslar også ein langt meir offensiv næringspolitikk.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen